

Ivar Aasen-stiftinga

Sakspapir til årsmøte 13. september 1994

Sak 2:

ÅRSMELDING 1993/94

Ivar Aasen-stiftinga vart skipa 30. august 1993 som ei ideell stifting med hovudføremål å arbeida for nynorsk skriftkultur. 20 representantar frå dei 14 skiparane var til stades på skipingsmøtet på Møre Folkehøgskule i Ørsta. Desse skiparane var med:

Noregs Mållag
Noregs Ungdomslag
Det Norske Teatret
Litteraturselskapet Det Norske Samlaget
Sunnmøre Museum
Ivar Aasen-museet
Møre og Romsdal fylkeskommune
Ørsta kommune
Volda kommune
Møreforsking Volda
Volda lærarhøgskule
Møre og Romsdal distriktshøgskule Volda
Landssamanslutninga av nynorskkommunar
Vestmannalaget

Skiparane gjorde vedtak og avtale om skiping av Ivar Aasen-stiftinga, vedtok vedtekter for stiftinga og konstituerte styret. Til leiar vart Jostein Nerbøvik vald, til nestleiar Ola E. Bø.

Føremålet med stiftinga er å arbeide for nynorsk skriftkultur. Særleg skal stiftinga arbeide for å realisere Ivar Aasen-senteret i Ørsta-Volda. Innanfor dette fell arbeidet med Dei nynorske festspela.

SENTRALE VEDTAK

Kulturdepartementet omtalte Ivar Aasen-senteret slik i framlegget til statsbudsjettet 1994:

«Kulturdepartementet ser positivt på det initiativet som er teke for å skipa eit senter for nynorsk skriftkultur i Ørsta-Volda, Ivar Aasen-senteret. Det er lagt opp til at dette skal vere eit samarbeidsprosjekt mellom Kulturdepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Dei to departementa har derfor saman sett ned eit utval som vil vurdere det framlagde forprosjektet. Utvalet vil leggje fram ei vurdering av forprosjektet før årsskiftet 1993/94, jf elles framlegget om tilskott til Dei nynorsk festspela under kap. 330.»

Under Stortingsbehandlingen av statsbudsjettet uttalte både Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen og Kulturkomiteen seg positivt til planane om Ivar Aasen-senteret:

Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteens fleirtal (alle utan Framstegspartiet) uttalte:

«Fleirtalet vil understreke kor viktig det er å ha ei grundig innsikt i det historiske, språklege og kulturelle grunnlaget som ligg under for denne utviklinga og vil be departementet fylgje opp det samarbeidet Kulturdepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har etablert med sikte på å realisere eit nasjonalt senter for nynorsk skriftspråk, Ivar Aasen-senteret i Volda/Ørsta.»

Kulturkomiteen uttalte:

«Fleirtalet, alle unnateke Sosialistisk Venstreparti og Framstegspartiet, gjer merksam på at arbeidsgruppa for vidareutvikling av planane for Ivar Aasen-senteret enno ikkje er kome i arbeid slik føresetnadane var frå departementet. Fleirtalet ser senteret som eit spesielt og positivt tiltak som kan bli viktig både nasjonalt og internasjonalt.

Fleirtalet vil peike på at ein vesentleg del av senteret sine oppgåver fannar om forskning og undervisning. Fleirtalet vil derfor understreke kor viktig det er at planlegging og etablering av Ivar Aasen-senteret skjer i eit nært samarbeid mellom KD og KUF.

Komiteen sine medlemmer frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil peike på at Ivar Aasen-senteret er eit heilt spesielt og positivt tiltak som kan bli svært viktig i nasjonal og også internasjonal samanheng. Desse medlemene vil løyve kr 500 000 slik at stiftinga kan halde seminar og anna verksemd i 1994 for å utvikle konsept, rammer, fagleg innhald for senteret og arbeide vidare med å knyte internasjonale kontakter.»

Statsråd Åse Kleveland uttalte under budsjettdebatten i Stortinget at «Jeg noterer meg med tilfredshet at komiteen understreker viktigheten av at senteret blir et samarbeidsprosjekt som kan ivareta både de museale og de forskingsmessige aspekter ved Ivar Aasens livsverk.»

Festspela fekk ei løyving på kr 200 000.

RØYSET-UTVALET

Det omtalte utvalet, «Røyset-utvalet», vart sett ned i november. Utvalet var på synfaring i Ørsta-Volda 20. desember, og hadde møte med m a styreleiaren. Rapporten frå utvalet vart lagt fram i februar 1994. Rapporten er ikkje sendt på høyring. Styret har likevel drøfta rapporten og konklusjonane i den, og meiner han gjev eit godt utgangspunkt for vidare drøfting. I mars bad stiftinga om møte med politisk leiing i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Dette møtet vart halde 9. august.

ARBEIDSOPPGÅVER

Vidareutvikling av forprosjektet

Styret har hatt fleire drøftingar av det vidare arbeidet for stiftinga og vidareutvikling av forprosjektet. På styremøtet i november innleidde Magne Velure, tidlegare leiar på Maihaugen,

no leiar for eit regjeringsoppnemnd utval til å vurdere museumssektoren i Noreg. Velure kommenterte og drøfta delar av forprosjektrapporten. Styret hadde også ei synfaring av Maihaugen-utstillinga «Langsomt ble landet vårt eget. En utstilling om Norges historie» saman med prosjektleiar Olav Aaraas.

På styremøtet i februar deltok Jon Aage Gjestrum. Han innleidde om sine vurderingar av forprosjektet, med utgangspunkt i ein rapport han laga for Røyset-utvalet, ut frå ein museumsfagleg synsvinkel.

Styreleiaren hadde i desember møte med leiinga for dei to høgskulane i Volda og Møreforskning Volda og drøfta instituttmodellen og alternative modellar for eit institutt, i samband med arbeidet med det nye høgskulesenteret i Volda. Styreleiaren hadde i juli møte med den nye leiinga ved Høgskulen i Volda, m a for å drøfte møtet med KUF i august.

Dei nynorske festspela

På styremøta hausten 93 var det grundige drøftingar om Festspela. Drøftingane munna ut i følgjande styringsdokument for Festspela: Manifest, organisasjons- og ansvarsforhold og målsetjingar og resultatkrav. Styret valde også ei Festspelnemnd. Styringsdokumenta og nemndssamansetjinga følgjer som eige vedlegg til årsmeldinga. Engasjementet som dagleg leiar for Festspela vart lyst ut i november, og Svein Arne Korshamm vart tilsett i stillinga. Arbeidsutvalet har vore jamt til stades i møta i Festspelnemnda.

Folkemøte om Ivar Aasen-senteret

Stiftinga har arbeidd med å få til eit folkemøte i Volda 13. september, samstundes med Dei nynorske festspela, med tema: «Ivar Aasen-senteret - akademisk luftslott eller grojord for framsynt forskning og folkeleg språkrøkt? Treng vi eit Ivar Aasen-senter?» Der vil m a komiteleiar Jon Lilletun, kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, rektor Ole Danbolt Mjøs, Universitetet i Tromsø, styreleiar Mette Newth, Rådet for norsk skriftkultur, stortingsrepresentant Ottar Kaldhol og rektor Sverre Måseidvåg vere til stades. Debattleiar er Erling Læg Reid.

Ivar Aasen-året 1996

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget tok initiativ til drøftingsmøte med ulike norskdomsorganisasjonar m v om ei markering av at det i 1996 er 100 år sidan Ivar Aasen døydde. Dette arbeidet munna ut i eit brev til Den norske regjeringa frå i alt 36 framstående personar frå ulike delar av norsk kulturliv der Regjeringa vart bedne om å stilla seg i spissen for eit Ivar Aasen-år 1996. Jostein Nerbøvik og Ola E. Bø var mellom underskrivarane. Saka er lagt til Kulturdepartementet, som har svara at dei er villige til å yta eit visst tilskot til prosjektet i 95 og 96. På vegne av initiativtakarane sende Noreg Mållag i juli 1994 ei førebels prosjektskisse/budsjett og ein søknad om midlar til eit forprosjekt i 1994 til Kulturdepartementet. Styret i stiftinga har drøfta tiltaket ved fleire høve, og støttar dette arbeidet.

STYRET

Styret for stiftinga tok opp to nye skiparar i 1993. Dette er:

Møre Folkehøgskule
Universitetet i Bergen

Styret ser det som viktig å få med fleire skiparar i Ivar Aasen-stiftinga, for på denne måten å stå sterkare både fagleg og politisk i arbeidet med å få realisert Ivar Aasen-senteret. Dei organisasjonane/institusjonane som no er bedne om å gå inn i stiftinga vil representere ei viktig utviding og breidde i dette arbeidet. Det er sendt ut invitasjonsbrev til 9 aktuelle nye skiparar:

Universitetet i Oslo
Universitetet i Trondheim
Universitetet i Tromsø
Den norske Forfatterforeining
Norsk faglitterær forfatterforeining
Landslaget for Norskundervisning
Hordaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune

Styret for stiftinga har vore samansett av ein fast styremedlem med personleg varamedlem frå kvar av skiparane. Ei liste over desse ligg ved. Styret har hatt 5 møte i perioden.

Arbeidsutvalet: Leiar og nestleiar har fungert som eit mini-AU, og har hatt ei rekkje telefonmøte og vanlege møte om arbeidet i stiftinga. Andre utval har ikkje vore i arbeid.

Arbeidsutvalet har også hatt ei rad møte med representantar for vertskommunane, fylkeskommunen og representantar frå dei to aktuelle stortingskomiteane.

Ola E. Bø var til stades på landsmøtet i Noregs Mållag i juli 1993 og helsa frå Ivar Aasen-stiftinga.

Sekretær

Styret vedtok 23. november å gå inn i ein avtale med Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar om kjøp av sekretærtjenester. Avtalen gjeld arbeid avgrensa til 10 % stilling. Møre-forsking Volda førte rekneskapen for stiftinga ut 1993, då overtok sekretæren.

Sak 3:

REKNESKAP 1993

Stiftinga overtok aktiva og passiva etter Hovudutvalet for Ivar Aasen-nemnda direkte. Rekneskapen vart ikkje gjort opp ved skipinga av stiftinga, og dekkjer derfor heile prosjektperioden.

Driftsreknskap t.o.m. 1993

Inntekter:	<u>1992</u>	<u>1993</u>	<u>Totalt</u>
Kulturdepartementet	500.000,00	200.000,00	700.000,00
Møre og Romsdal fylkeskommune	110.000,00	50.000,00	160.000,00
Andre prosjektmidlar	343.000,00	*80.000,00	423.000,00
Sal av rapportar	<u>12.645,00</u>	<u>1.005,00</u>	<u>13.650,00</u>
Brutto driftsinntekter	965.645,00	331.005,00	1.296.650,00
Overføringar til Festspela	<u>-25.000,00</u>	<u>-80.000,00</u>	<u>105.000,00</u>
Netto driftsinntekter	<u>940.645,00</u>	<u>251.005,00</u>	<u>1.191.650,00</u>
Utgifter:			
Løn og feriepenger	421.872,69		421.872,69
Sosiale kostnader	75.928,15		75.928,15
Honorar, leigearbeid	143.174,00	2.826,00	146.000,00
Kostnader lokale	1.500,00		1.500,00
Varig utstyr	21.600,00		21.600,00
Kontorkostnader	94.004,10	1.293,24	95.297,34
Reise- og diettkostnader	208.099,66	28.429,65	236.529,31
Diverse administrasjonskostnader	24.001,00	16.353,34	40.354,34
Overhead	45.194,00		45.194,00
Totale driftskostnader	<u>1.035.373,60</u>	<u>48.902,23</u>	<u>1.084.275,83</u>
Driftsresultat	<u>-94.728,60</u>	<u>202.102,77</u>	<u>107.374,17</u>

* Volda kommune kr 40 000
Ørsta kommune kr 40 000

Revisjon:

Rekneskapen er ført som eit prosjektrekneskap i Møreforskning Volda, og er revidert og funnen i orden av Møreforskning sin statsautoriserte revisor Arvid Hovden. Sjå vedlagde stadfesting frå Møreforskning Volda.